

Utdanningsplan Helse Bergen HF, Voss sjukehus, Spesialitet: Gastroenterologisk kirurgi

Publisert juni 2019

Beskrivelse av utdanningsvirksomheten

Voss sjukehus har godkjenning for 6 mndr som gr. II sjukehus innen spesialiteten Gastroenterologisk kirurgi. Utdanningsløpet er nært knyttet opp til gr.I- tjeneste ved HUS/GEKIR. Vi har utarbeidet samarbeidsavtale vedr gjensidig utdanning av LIS2-leger – både i trinn 2 og trinn 3 av utdanningen. Vi viser således til

Utdanningsplanen for Helse Bergen HF, gastroenterologisk kirurgi for ytterligere informasjon. Utover dette har vi følgende beskrivelse av Voss sjukehus som utdanningsinstitusjon innen gastroenterologisk kirurgi:

Generell– og gastroenterologisk kirurgi omfattar ved Voss sjukehus diagnostikk og behandling av tilstandar innan generell kirurgi, gastroenterologisk kirurgi og utvalde tilstandar innan urologi. Voss sjukehus har ansvaret for bariatrisk kirurgi i Helse Bergen. I tillegg avlastar vi Haukeland Universitetssjukehus med kirurgi på benigne tilstandar som td gallesteinssjukdom og stomikirurgi. Ein stor del av aktiviteten gjeld laparoskopisk kirurgi med td 230 bariatriske inngrep og 223 cholecystectomiar i 2018.

Kirurgisk avdeling disponerer 25 senger. I 2017 hadde vi 2097 heildøgspasientar der 60% var ø.hj.innleggingar.

Vi har fire stillingar for spesialistar i gastroenterologisk kirurgi. Overlækjarane er spesialistar i både generell- og gastroenterologisk kirurgi. Det er fire LIS2-utdanningsstillingar innen generell- og gastroenterologisk kirurgi. Ein er i rotasjon frå gastrokirurgisk avdeling HUS (generell kirurgi og gastroenterologisk kirurgi), ein er i rotasjon frå Kvinneklinikken (generell kirurgi), HUS ; ein er konstituert overlækjar her og ein er i ordinær LIS2 utdanningsstilling (generell kirurgi og gastroenterologisk kirurgi).

LIS2-lækjarane går 6-delt vakt med fellesvakt for generell- og ortopedisk kirurgi. Det er heimevaktordning med passiv vakt etter kl 2100. LIS1 har tilstadesvakt på sjukehuset. Det er separate vaktlag for overlækjarar i gastro-/generellkirurgi og ortopedisk kirurgi.

Beskrivelse av utdanningsløpene

Utdanningsløpet innen gastroenterologisk kirurgi er lagt opp i samarbeid med gastroenterologisk avdeling HUS/kirurgisk klinikk HUS. I utgangspunktet er utdanningen innen gastroenterologisk kirurgi ved Voss sjukehus nært knyttet opp mot utdanning innen spesialiteten Generell kirurgi, der kandidaten får det generellkirurgiske tilnærmingen samtidig som gastrokirurgiske læringsmål fullt eller delvis oppnås. LIS-legen får godkjenning inntil 6 mnd gr II-tjeneste ved Voss sjukehus. Resterende del av utdanningen gjennomføres ved HUS/GEKIR (2,5 år). Viser til utdanningsplan gastroenterologisk kirurgi Helse Bergen HF.

Introduksjon av nye LIS

Individuelt tilpassa opplegg i samsvar med kandidatens bakgrunn og kjennskap til m.a datasystema som er i bruk i Helse Bergen. Alle medarbeidere gjennomgår obligatoriske introduksjonskurs (praktisk brannvern, smittevern/håndhygiene, brannvernsteori med sjekkliste og informasjonssikkerhet). Videre tildeles kompetanseplan for medisinsk utstyr (defibrillator, diatermi inkl kurs, energiinstrumenter, gastro- og coloscopi, klipsetenger, laparoscopisk basket og staplere). Kandidaten blir tildelt veileder og gjennomgår medarbeidersamtale med utdanningsansvarlig overlege der individuell utdanningsplan inkludert rotasjonsplan blir utarbeidet. Vaktpllassering tilpasses både avdelingens behov og kandidatens erfaring/ferdigheter.

Supervisjon, veiledning og faglig utvikling.

Kvar LIS får tildelt ein av overlækjarane som vegleiar. På operasjonsavdelinga arbeider LIS som regel saman med ein overlækjar. Dei har sjølvstendig poliklinikk. I tillegg får dei supervisjon i høve endoskopiske prosedyrar. Det er sett av 4 t pr veke til fordjupning. Dette blir fastlagt i arbeidsplanen til den enkelte LIS. Vegleiingssamtale ein time pr månad, også dette skal gå fram av arbeidsplanen.

LIS får fri til å delta i obligatoriske kurs. Utover dette deltek dei i blokkundervisning med kirurgisk avdeling HUS ca ein gong pr månad. Kvar tysdag er vi med på MDT videokonferansar vedkomande pasientar med gastrointestinal kreft med kolleger på HUS.

Vurdering og dokumentasjon av oppnådde læringsmål

Ein tek mål av seg at vegleiar og LIS skal gå gjennom alle læringsmål og vurdere den faglege progresjonen. Leiar og utdanningsansvarleg overlækjar kan godkjenne læringsmål. Oppnådde læringsmål godkjennes i

Kompetanseportalen av vegleiar eller utdanningsansvarleg overlækjar. Vi gjennomfører også halvårleg vurdering av den enkelte LIS i overlegekollegiet.

Teoretisk undervisning

Vi har ein time internundervisning kvar torsdag. Innlegg ved alle lækjarar etter tur. I tillegg teamtrening på traumemottak 4 timer pr månad. Ein gong pr månad 4 timars videooverført blokkundervisning med kirurgisk avdeling HUS. Tema for internundervisninga vert lagt kvart halvår.
LIS får høve til å delta på obligatoriske kurs i spesialistutdanninga.

Felles kompetansemål (FKM)

Det vil bli oppretta gruppevegleiing. Vi arbeider også for telelinkkopling til førelesningar i etikk og forskningsmetodar som vert haldne på HUS. I tillegg deltar LIS2-lækjarane i ulike konkrete prosjektgrupper mht kvalitetforbedringsprosjekter.

Utdanningsutvalg og utdanningsansvarlig overlege

Utdanningsansvarleg overlækjar har det overordna ansvaret for alle LIS på Voss sjukehus: Turid Fjose (medisinsk avdeling)
På kirurgisk avdeling er det eige utdanningsutval med ein overlækjar og ein LIS; pr 27.05.19 (Tor Nedrebø og Magnus Nordahl)

Forskning

Det skal oppmuntrast til forskning for alle LIS. For tida har vi ingen med doktorgrad ved vår avdeling. Serleg innan fagfeltet bariatrisk kirurgi er det forskningsaktivitet, både i samarbeid med kolleger på HUS og i fellesprosjekt med dei andre helseføretaka i Helse Vest.

Individuell utdanningsplan

Ved tilsetting vil det bli utarbeidd ein individuell utdanningsplan for LIS, som viser kva LIS skal gjennomføre (læringsmål, læringsaktivitetar og læringsarenaer), basert på kor i utdanningsløpet LIS startar. Den individuelle utdanningsplanen vert utarbeidd av LIS i samarbeid med vegleiar og evt. utdanningsansvarleg overlækjar. Planen skal godkjennast av leiar.

Simulering og ferdighetstrening

Vi har teamtrening for traumemottak ein gong pr månad. Ei gong pr år deltek vi med team på praktisk trening i skadekirurgi på gris ved HUS.

Vi har nært samarbeid med Ferdighetssenteret på HUS for simulatortrening av nyansatte LIS2-lækjarar.

Tillitsvalgte

Det er YLF representant som går på tillitsvaldkurs etter ynskje og behov.

Kontakt

For spørsmål om spesialistutdanningen ta kontakt med
Avdelingsoverlækjar eller utdanningsansvarleg overlækjar